



Direktoratet For Samfunnssikkerhet Og Beredskap (dsb)  
Postboks 2014  
3103 Tønsberg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/1694 - 22/53529

Saksbehandlar:

Marte Hagen Eriksrud

marthe.hagen.eriksrud@alver.kommune.no

Dato:

29.06.2022

## **Kommuneplanen sin arealdel - Kunngjering av planoppstart, høring og offentlig ettersyn av planprogrammet og innspelsperiode for planarbeidet**

15. juni 2022 vedtok utval for areal, plan og miljø at vi skal starte arbeidet med arealdelen i kommuneplanen og leggje planprogrammet ut på høring og offentlig ettersyn (sak 092/22):

*I samsvar med plan- og bygningslova § 11-12 og § 11-13 vedtek utval for areal, plan og miljø oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin arealdel til høring og offentlig ettersyn. Arealplanen skal til 1.gangs handsaming innan sommaren 2023.*

### **Kva er kommuneplanen sin arealdel?**

Kommuneplanen er todelt, og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. 19. mai 2022 vedtok kommunestyret i Alver samfunnsdelen. Samfunnsdelen seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satsa på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å koma dit. No arbeider vi med kommuneplanen sin arealdel for Alver. Arealdelen seier korleis vi skal utvikle areala våre og kva vi skal leggje til rette for kor i kommunen.

### **Kva er eit planprogram?**

Alle planar med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal ha eit planprogram, jf. plan- og bygningslova §4-1. Planprogrammet skal vise planområdet, føremål med planen, kva tema som skal vurderast, utgreiingsbehov, korleis planarbeidet er organisert, opplegg for medverknad og framdriftsplan.

### **Høyringside for planarbeidet**

Planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel ligg ute til høring og offentlig ettersyn i perioden 24.06.2022 til 15.09.2022. Parallelt med høring av planprogrammet inviterer vi til å gje innspel til korleis vi skal utvikle areala våre. Det kan vere konkrete arealinnspel og/eller generelle innspel med ønskje om endringar i plankart eller føresegner.

For tilgang til planprogrammet og informasjon om innspel, sjå vår **høyringside**: [Alver kommune - Planprogram for arealdelen i kommuneplanen på høyring](#)

Fristen for å kome med innspel er **15. september 2022**.

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til Marte Hagen Eriksrud i Alver kommune på e-post [Marte.Hagen.Eriksrud@alver.kommune.no](mailto:Marte.Hagen.Eriksrud@alver.kommune.no)

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Marte Hagen Eriksrud  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Direktoratet For Samfunnssikkerhet Og Beredskap (dsb)	Postboks 2014	3103	Tønsberg
Ntl Avd Direktoratet For Naturforvaltning	Tungasletta 2	7047	Trondheim
Oljedirektoratet	Postboks 600	4003	Stavanger
Opplysningsvesenets Fond	Postboks 535 Sentrum	0105	Oslo
Riksantikvaren	Postboks 1483 Vika	0116	Oslo
Statsbygg	c/o Statsbygg Postboks 232 Sentrum	0103	Oslo